



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
88/2017	Kommunestyret	PS	18.12.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/1406

### REFERATSAKER OG MELDINGAR

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
88/2017.1	Underskriftsliste om modulsule - vurdering etter kommunelova §39a Innbyggjarinitiativ
88/2017.2	Protokoll - Eldrerådet - 05.10.2017
88/2017.3	Protokoll - Eldrerådet - 06.12.2017
88/2017.4	Protokoll - Formannskap/plan- og økonomiutvalet - 23.10.2017
88/2017.5	Protokoll - Formannskap/plan- og økonomiutvalet - 06. og 07.11.2017
88/2017.6	Protokoll - Formannskap/plan- og økonomiutvalet - 27.11.2017
88/2017.7	Protokoll - Formannskap/plan- og økonomiutvalet - 04.12.2017
88/2017.8	Protokoll - Kontrollutvalet - 28.11.2017
88/2017.9	Protokoll - Levekårsutvalet - 30.10.2017
88/2017.10	Protokoll - Levekårsutvalet - 04.12.2017
88/2017.11	Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 14.06.2017
88/2017.12	Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 30.11.2017
88/2017.13	Protokoll - Ungdomsrådet - 20.09.2017
88/2017.14	BRUK AV GRANULAT PÅ KUNSTGRASBANER

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



---

# Notat

---

Til  
Kopi til:

Saksbehandlar: Samfunnsutvikling/Svein-Ove Hesjedal  
Vår referanse: 16/1623 - 17/7866 / FE - 033, TI - &29  
Dato: 12.12.2017

---

## **Emne: BRUK AV GRANULAT PÅ KUNSTGRASBANER**

Viser til interpellasjon frå MGD jf KSAK 107/2016 om granulat på kunstgrasbaner.

Tema omkring mikroplastproblematikk og konsekvensar av spreining av plastgranulat i naturen, har dei seinaste åra vorte aktualisert. I Noreg er det per 2017 totalt over 1.700 kunstgrasbaner fordelt på 11-ar, 9-ar og 7-ar baner. Om lag 80 % av banene nyttar gummigranulat (SBR) produsert av resirkulerte, oppmalte bildekk. Granulatet inneheld miljøgifter som PCB, PSAH, ftalater og alkylfenoler, alle stoffer som samfunnet prøver å begrensa spreinga av.

Kvifor nyttar ein granulat på banene? Granulaten støttar opp kunstgrasstråa, og tilfører demping og svikt slik at kunstgrasbana vert behageleg å springa på. Eit stort antal fotballbaner som opprinneleg vart etablert som grusbane har seinare vorte oppgradert til kunstgrasbaner. Slik også her i vår kommune. I Vaksdal har me i dag tre anlegg med kunstgras: Dale, bygd 2009, Vaksdal, bygd 2009 og Stanghelle, bygd 2016.

### Årsak og tiltak

Mange anleggseigarar er no opptekne av problemstillinga tilføring av granulat til natur og vassdrag, Norges fotballforbund (NFF) og Kulturdepartementet sette fokus på utfordringa alt i 2004, då Byggforsk no SINTEF utførte analysar. I 2006 kom m.a. Nasjonalt folkehelseinstitutt med sin konklusjon og uttalte at kunstgrasbaner med granulat framstilt av bildekk, ikkje er helsefarleg, men kan gje ein risiko for negative miljøeffektar lokalt i overvatn som mottek avrenning frå kunstgras.

Miljødirektoratet viser og til ein ny EU-rapport som stort sett er samanfallande i sin konklusjon om lav helserisiko for brukarar av kunstgrasbaner, inkludert born, og for arbeidstakarar som installerer og vedlikeheld banene. Skulle nye forskningsresultat seinar vise at granulat kan medføre helsefare, vil NFF ta affære umiddelbar.

Med omsyn til miljø, har det lenge vore tilrådd baneigarane å samle opp granulatet som kjem utanfor bana, og gjenbruke det eller deponere det på godkjent mottak. Det er viktig å fjerne granulat på avvegar grunna forureining av naturen. NFF ønskjer å verksett eit pilotprosjekt der dei i felleskap med baneigarar utviklar treffsikre metodar for å fange opp granulat utanfor bana. Det er skadeleg for miljøet at granulat havnar i nærområdet og vert ført vidare til bakkar og elver. Granulaten vert i all hovudsak «smitta» til naturen, bekkar, elvar på to måtar; ved avrenning via drenasjekummer,

drensystem og ved nedsmelting av snø-deponi som vert etablert utanfor spelebana med omsyn til snørydding grunna vinteropne baner.

#### Utfordringar ved våre anlegg

Kunstgrasdekke på Dale og Vaksdal er av typen Edel Viagrass Pro 50 med granulat type SBR, Terra. Grasdekke på Stanghelle er type – Soccer Pro Dual Sharpe, med granulat X-Tre. Materialet er for alle banene oppmalt bildekk. X-Tre er eit nyare produkt (grandulat) som er utvikla etter at banene på Dale og Vaksdal vart etablert i 2009. X-tre er et nytutviklet fyll som er tredimensjonalt, dvs at det ligge bedre i bana og ikkje bli dradd ut i den grad som granulat type SBR.

Det finns idag ikkje kjende fullgode erstatningsprodukt for det granulatet som no vert nytta på banene. Det kan leverast kunstgras utan nokon form for innfyll (granulat), men kvaliteten er per no ikkje så god som baner med granulat, og vert difor ikkje tilrådd av NFF. Av alternativ innfyllsmateriale, er oftast nemnd kork. Kork vert levert i særskjellig kvalitet. Den best eigna kvaliteten er mangelvare på verdsmarknaden og er difor dyr og vanskeleg å nytta til kunstgras. Kork vert nedbrutt mykje fortare enn granulat, og den må skiftast ut etter kun 3-4 år. Oppsmuldring av korken vil kunne tette dreneringa i bana og såleis skape store driftsutfordringar og kostnader.

Dei lokale utfordringane og driftsrutinane for våre baner, har ein i fleire møter drøfta med idrettslaga og idrettsrådet og kommunal driftsavdeling. Ein har konkret gått inn for å finne fram til nye konstruktive driftsrutinar og med bakgrunn i dei lokale erfaringar ein har. Det er heilt klart at det er vinterbruken av banene som medfører dei største utfordringane med omsyn til «smitte» av granulat ut i naturen og vidare til vassdrag. Når banene vert haldne opne vinterstid, med snønedfall, må banedekke sjølvstøtt ryddast for snø. Snøbrøytinga fører til at større mengde snø innblanda med granulat må lagrast utanfor sjølve spelebana. Dette krev at ein legg tilrette areal med fast dekke utanfor bana (snødeponi), slik at ein ved snøsmelting lett kan samle opp granulatet og gjenbruke det eller levere det til godkjent mottak.

Banene på Stanghelle og Vaksdal, har eige drenasjesystem for overvatn, med sandfangkummer langs banearalet, vidare vert overvatnet ført i røyr til bekk. Dette kan føre til at noko av graulatet vert ført ut i naturen via drenasjen. På Dale-bana vert overvatnet drenert direkte gjennom kunstgrasdekke, med fordrøyning og spreieing i underliggjande massar. Med denne løysinga får ein minimal «smitte» av granulat ut i naturen, granulatet vil stort sett liggja att på banedekke. Kommunen eig per i dag ikkje areal i tilknytting til bana som «enkelt» kan tilretteleggjast for snødeponi.

#### Mogelege tiltak:

Kostnaden for tiltak varierer frå anlegg til anlegg, men Geitabakken har monaleg høgare kostnader enn Vaksdal idrettspark grunna mangel på drenering, samt sideareal for snølagring. Dale-bana skal vere vinterstengd. Bana skal ikkje ryddast for snø. For ev. å kunne tilretteleggje areal for snødeponi må tilleggsareal ervervast frå grunneigar. Innsetting av «granulatfilter» i alle sandfang kummer.

I framlegg til budsjett for 2018 er Vaksdal idrettspark prioritert som vinteropen bane, og det vil vere naturleg å oppgradere denne fyrst. Tilrettelegging av asfaltert areal for snødeponi på Vaksdal vert utført neste år. Årlege aksjonar med oppsamling og rydding/fjerning av granulat på området rundt banene er planlagt. Det er laga spesefikke planar for brøyting og drift av banene.

Samla er kostnadene så store at dei må takast over fleire år. Oppgradering av kunstgrasbanene vert tatt inn i arbeidet med handlingsprogram og økonomiplan som kjem til behandling 1.halvår 2018.

Vedlegg: Brøyting og drift av banene, avtale med Vaksdal, Stanghelle IL og Dale IL.

## Vinteropen bane Vaksdal Idrettspark, granulathandtering

Vaksdal Idrettslag har tradisjon for å tilby vinteropen fotballbane på Vaksdal, til glede for barn og ikkje minst A-lag frå heile kommunen, med og utan ambisjonar, der treningsforhold og kontinuitet er viktig. Dugnadsviljen er god og enkeltpersonar gjer ein svært god innsats for å halda bana open.

På førespurnad frå Vaksdal kommune, særleg med tanke på miljømessige hensyn knytta til granulatkuler frå kunstgrasbana, har Vaksdal Idrettslag formalisert følgjande plan for brøyting:

1. Brøyting skal skje med eigna utstyr. Snøen må vekk, det er poenget, men ein skal kontinuerleg vurderer om det finnes betre utstyr eller metodar slik at minst mulig granulatkuler følgjer med ved brøyting.
2. Deponi av snømassar som potensielt vil innehalda granulatkuler skal ikkje plasserast på eller i umiddelbar nærleik til avrenningskum. Kum kan merkast med stikker e.l. og hensiktsmessig sikkerhetsavstand kan gjerast gjeldande. Sjå vedlegg 1 som viser hvor snømasser skal plasseres.
3. Granulatkuler som følgjer med ved brøyting skal i utgangspunktet tilbakeførast til kunstgrasdekket kvar vår. Deponi av snømassar som potensielt vil innehalda granulatkuler skal difor plasserast så nær bana som det er hensiktsmessig slik at arbeid med tilbakeføring vert så enkel og effektiv som råd. Her må ein ta omsyn til nødvendig areal for avvikling av trening og kamp. Eit utgangspunkt for avstand frå bana kan vera «den minste avstand av gjeldande sikkerhetsavstand og asfaltkant.
4. Tilbakeføring av granulatkuler bør skje så snart vinteren mest truleg er forbi og seinast innen utgangen av april. Dette for å unngå at flaum eller ferdsel transporterer granulatkuler rundt omkring.

I tillegg til rutiner ved brøyting ovanfor, vil hovudstyret i idrettslaget på hensiktsmessige tidspunkt oppfordra medlemmene sine til oppmerksom handtering av granulatkuler som på ymse vis kjem inn i heimane.

Bidrag fra Vaksdal Kommune.

1. Asfaltering på tribunesiden og deler av veien på utsiden av gjerdet.
2. Etablere system for sandfang i kummer for å samle opp granulatkuler
3. Som tidligere ønsker vi å låne utstyr til brøyting av bane og hensiktsmessig utstyr for å tilbakeføre granulatkuler til bane.
4. Det er behov for etterfylling av granulatkuler ut over det som tilbakeføres til banen. Dette må gjøres på våren 2018.

Sesongen 2017 har Vaksdal IL totalt hatt 14 aldersbestemte lag, og 2 seniorlag. Det er vanskelig å finne treningstid til alle disse lagene innendørs om vinteren.

Vaksdal IL har vært fornøyd med samarbeidet med Vaksdal Kommune i 2017.

Vaksdal Idrettslag

Hovudstyret og fotballstyret v/ Henning Lirhus og Johnny Falkanger

Vedlegg 1

Kartutsnitt som visere hvor snø skal brøytes til om vinteren



## **Brøyting og drift av bane på Stanghelle!**

Stangelle Idrettslag ønsker å tilby vinteropen fotballbane på Stanghelle, til glede for barn og for avlastning av banene i Vaksdal Kommune. Vi ser og stor aktivitet på bana i skoletid og SFO.

Dugnadsviljen er god og me har eigen driftsanvarleg person og utstyr for å halda bana open.

Med bruk av Vaksdal Idrettslag sin dialog med kommunen som mal, ønsker me følgende plan for Brøyting.

1. Brøyting skal skje med eigna utstyr. Snøen må vekk, det er poenget, men ein skal kontinuerleg vurderer om det finnes betre utstyr eller metodar slik at minst mulig granulat kuler følgjer med ved brøyting.
2. Deponi av snømassar som potensielt vil innehalda granulat kuler skal ikkje plasserast på eller i umiddelbar nærleik til avrenningskum. Kum kan merkast med stikker e.l. og hensiktsmessig sikkerhetsavstand kan gjerast gjeldande. Sjå vedlegg 1 som viser hvor snømasser skal plasseres.
3. Granulat kuler som følgjer med ved brøyting skal i utgangspunktet tilbakeførast til kunstgrasdekket kvar vår. Deponi av snømassar som potensielt vil innehalda granulat kuler skal difor plasserast så nær bana som det er hensiktsmessig slik at arbeid med tilbakeføring vert så enkel og effektiv som råd. Her må ein ta omsyn til nødvendig areal for avvikling av trening og kamp. Eit utgangspunkt for avstand frå bana kan vera «den minste avstand av gjeldande sikkerhetsavstand og asfaltkant.
4. Tilbakeføring av granulat kuler bør skje så snart vinteren mest truleg er forbi og seinast innan utgangen av april. Dette for å unngå at flaum eller ferdsl transporterer granulat kuler rundt omkring.

I tillegg til rutiner ved brøyting ovanfor, vil hovudstyret i idrettslaget på hensiktsmessige tidspunkt oppfordra medlemmene sine til oppmerksom handtering av granulat kuler som på ymse vis kjem inn i heimane.

Bidrag fra Vaksdal Kommune.

1. Tømming av sandfang kummer.
2. Hjelp til tilbakeføring av granulat til bana.

Sesongen 2017 har Stanghelle IL hatt ansvaret for 7 aldersbestemte lag (samarbeid med Dale IL og Vaksdal IL) Me har stor trenings aktivitet, samt at det vert spelt 5'ar og 7'ar kamper på bana. Så sant været er bra ønsker vi å fortsette med utetrening utover høst og vinter, og håper på positivt svar og mulighet for å kunne brøyte ved behov.

SIL ser det hensiktsmessig å ha Øst siden av Bana, for deponering av snø masser, ved vinter åpen bane.

Stanghelle Idrettslag, ønsker et fortsatt godt samarbeid med både kommune og de andre idrettslaga i kommunen.

For SIL

Rune og Kenneth



## **Geitabakken sentralidrettsanlegg- vinteropen bane og granulathandtering**

Dale idrettslag har 4-5 lag i barne/ ungdomsklassen samt 3 aktive lag med vaksne spelarar knytta til klubben. I tillegg er det fleire Stanhellelag og samarbeidslag som nyttar Geitabakken som heimebane. Dei vaksne er både herrar og damer senior, samt eit junior lag/ tilbod for gitar. Totalt utgjør seniorgruppa om lag 50 spelarar. Dale idrettslag ynskjer så langt det er mogeleg å legge til rette for trening og aktivitet på bana på Geitabakken heile året. Dei yngste spelarane har normalt treningspause eller trener innendørs dei kaldaste månadene men dei vaksne trener heile året og primært utandørs.

Det er eit positivt ungdomsmiljø rundt sentralidrettsanlegget som også har resultert i gode sportslege resultat og høg aktivitet. Klubben drives på dugnad og dugnadsanda er god. Dale IL senior står for fleire arrangement i løpet av året som kjem Dalesamfunnet og heile kommunen til gode.

Å halde vinteropen ei bane med vårt klima kan være utfordrande og krev mykje arbeid av klubben. Me i Dale IL meiner likevel at det er ein så viktig del av det å utvikle klubben at me ynskjer å legge ned den innsatsen som skal til. Me ser likevel at det i snørike perioder på grunn av ikkje tilrettelagte snødeponi, kun vil være mogelig å brøyte deler av bana, Me er difor glad for at Vaksdal idrettslag tilbyr bana der til vår disposisjon til treningskamaper, vintercup o.l

På førespurnad frå Vaksdal kommune, særleg med tanke på miljømessige hensyn knytta til granulatkuler frå kunstgrasbana, har Dale formalisert følgjande plan for brøyting:

1. Brøyting skal skje med eigna utstyr. Snøen må vekk, det er poenget, men ein skal kontinuerleg vurdere om det finnes betre utstyr eller metodar slik at minst mulig granulatkuler følgjer med ved brøyting. Personer frå klubben som utfører brøytinga vil få nødvendig opplæring og bli gjort kjend med korleis planen er
2. Deponi av snømassar som potensielt vil innehalda granulatkuler sikres ved at det kun skal brøytes mot 5 ar bane ved siden av hovedbana. (sjå vedlagte skisse). Dette for å unngå spedning og avrenning til terrenget og spesielt mot bekk på sørsida av anlegget. Sjå vedlegg
3. Granulatkuler som følgjer med ved brøyting skal i utgangspunktet tilbakeførast til kunstgrasdekket kvar vår. Tilbakeføring av granulatkuler bør skje så snart vinteren er forbi og seinast innan utgangen av april.
4. I løpet av sesongen skal det arrangeres minst 2 dugnader for å samle opp granulat på avveie-oftere ved behov. Dette skjer i godt samarbeid med kommunen
5. I tillegg til rutiner ved brøyting ovanfor, vil hovudstyret i idrettslaget på hensiktsmessige tidspunkt oppfordra medlemmene sine til oppmerksom handtering av granulatkuler som på ymse vis kjem inn i heimane.

Vaksdal Kommune si rolle og bidrag: ?

1. Dale idrettslag er enig med Vaksdal kommune representert ved Willy Gjesdal i at det på sikt og helst innen neste vintersesong må tilrettelegges for betre å kunne brøyte heile bana.

Målet er å kunne tilby heil bane heile året til spelarane. Dale IL er derfor svært positive til at VK ser på løysingar med å legge bekk på sørsida av anlegget i rør og tilrettelegge for snødeponi på begge sidene av bana for å sikre at granulatet blir på området.

2. Snømåking med hensiktsmessig utsyr under normalt snøfall vil bli ivaretatt av idrettslaget(seniorfotballen) på dugnad. Det vil bli dedikerte personer i klubben som tar ansvar for dette. I situasjoner med ekstraordinært mykje snø som gjer det vanskelig å holde bana åpen med normalt utstyr og innsats vil Dale IL gå i dialog med kommunen for å sjå på og vurdere løysingar saman.
3. Dale er positiv til at Vaksdal fortsatt får låne ut utstyr til brøyting av bana på Vaksdal for å sikre minimum 1 vinteropen 11 ar bane i kommunen til disposisjon for alle laga.
4. Det er svært positivt at VK sørger for etterfylling av granulat ved behov

Dale IL ser ei betring i samarbeidet mellom klubben, kommunen og dei andre idrettslaga no. Når alle bidrar er det mykje lettare å legge ned dugnadsinnsats. Me ser fram til 2018 sesongen for unge og eldre spelarar med eit godt treningsgrunnlag frå vinteren.

For Dale idrettslag

Hovudstyret, breddefotballen og seniorfotballen

Leiar Seniorstyret



Erlend Ragnvaldsen

(sign)



Bryteplan Geita bakken 2017

14/11 2017





## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
91/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	27.11.2017
96/2017	Kommunestyret	PS	18.12.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Truls Morten Kaland	FE - 151	17/737

### FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2018

#### Vedlegg:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018

Budsjett 2018 - Vedlegg 2 Betalingsattsar

Lokal forskrift - Gebyrregulativ plan, byggesak, kart-2018

Momentum Budsjettnotat - Vaksdal kommune 2018

Budsjettforslag 2018 KU i Vaksdal kommune

Søknad om løyvingar VKF 2018

Svar på spørsmål frå budsjettseminar

Oversyn bestillingar som er lagt fram til formannskapet og følger budsjettprosessen til kommunestyret

MELDING OM VEDTAK - BUDSJETT 2018 - UTTALE FRÅ RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

MELDING OM VEDTAK - FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2018 - UTTALE FRÅ LEVEKÅRUTVALET

MELDING OM VEDTAK - FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR 2018 - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET

Kommentarar frå pårørande i brukarutvalet til budsjett 2018

MELDING OM VEDTAK - FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2018 - UTTALE FRÅ ARBEIDSMILJØUTVALET



Kommunestyret

**Referanser:**

Dykkar:

Vår: 17/514 - 17/8680

**Saksbehandlar:**

Åse Elin Myking

ase.elin.myking@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

14.12.2017

**MELDING OM VEDTAK - FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2018 - UTTALE FRÅ  
ARBEIDSMILJØUTVALET**

Saka er behandla i Arbeidsmiljøutvalet 11.12.2017 - Sak 20/2017

**Det er gjort slikt vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

Rett utskrift:

Åse Elin Myking

Konst. rådmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Mottakar:**

Kommunestyret

**Post**

post@vaksdal.kommune.no

Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no

Telefon +47 56 59 44 00

Telefaks +47 56 59 44 01

**Konto**

Org.nr. 961 821 967